



Fyresdal kommune

Vedteke i kommunestyret den 22.06.23

Versjon 01

Vedtekter for Fyresdal Frivilligsentral

§ 1. Føremål

Føremålet med frivilligsentralen er å skape gode arenaer mellom menneske, der folk møtas på tvers av generasjonar og skapar gode relasjonar. Aktiviteten i Fyresdal Frivilligsentral skal byggje på frivillig innsats, der ein mellom ana skal arbeide for integrere og inkludere nye innbyggjarar og førebyggje utanforskap.

Frivilligsentralen skal vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.

Fyresdal Frivilligsentral skal:

- leggje til rette for samarbeid mellom det frivillige og det offentlige
- legge til rette for frivillig aktivitet i lokalmiljøet
- vere eit bindeledd mellom dei som yt frivillig hjelp, og dei som treng frivillig hjelp
- vere ein pådrivar for god folkehelse
- stimulere til sosialisering og aktiv deltaking i lokalsamfunnet
- vere ein tilgjengeleg og sentral arena, som gir tilbod til menneske i alle aldrar

Fyresdal frivilligsentral skal ikkje:

- erstatte kommunale oppgåver eller andre offentlege tenester, men vere eit supplement og støttefunksjon.

§ 2. Organisering:

Fyresdal Frivilligsentral er eigd av Fyresdal kommune. Frivilligsentralen er organisert som ein kommunal institusjon jfr. § 5-10 i kommunelova. Kommunestyret bestemmer samansetning av styret.

Organisasjonar, lag og foreningar i Fyresdal er sjølvstendige og uavhengige av Fyresdal Frivilligsentral.

§ 3. Årsmøte

Kommunestyret utgjer årsmøte for frivilligsentralen. Årsmøte skal gjennomførast ei gong pr. år og innan 30.6. Ekstraordinært årsmøte skal haldast dersom det krevst av styret.

På årsmøte skal fylgjande saker handsamast:

- Årsmelding
- Handlingsplan

- Godkjenning av rekneskap
- Godkjenning av budsjett for komande år
- Val av styre
- Val av valnemnd
- Andre saker som står på innkallinga

Valnemnda kjem med innstilling til nytt styre, 1 månad før årsmøtet.
Valnemnde skal innstille:

- Leiar for eitt år, nestleiar og tre styremedlem
- Tre varamedlem

Valnemnd er ein representant for kultur og ein representant for REMNF.

§ 4: Styret

Styret er sentralen sitt øvste organ mellom to årsmøter.

Fyresdal frivilligsentral skal ha eit styre på 5 medlemmer og 3 varamedlem.
Styremedlemene skal veljast for 2 år. (Første gong vert 3 valde for 2 år og 2 for 1 år.)
Styreleiar vert vald ved særskilt val for 1 år, av årsmøtet.

Styret består av fem medlemmar. Styret skal bestå av ein politiker, ein representant frå kommuneadministrasjon og tre representantar frå frivillige organisasjonar. Dei frivillige skal ha fleirtal i styret. Den politiske representanten utpekas av kommunestyret.

Styret fylgjer forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og permisjon, Fyresdal kommune.

Alle styremedlemmar må underskrive taushetserklæring.

§ 5. Styret sine oppgåver

Styret skal:

- Sørge for at § 1 blir fylgt opp i samarbeid med dagleg leiar
- definerer lokale føresetnadar og behov, og bygger sentralens føresetnadar på dette.
- vere dagleg leiar sitt støttespelar og bindeledd mot frivilligheita og innbyggerane forøvrig
- representere sentralen utad og driver politisk arbeid på vegne av sentralen
- sjå til at rapportering skjer i samsvar med gjeldande reglar og innan gjeldande fristar
- sjå til at drifta skjer innanfor vedtektene og andre retningslinjer
- sjå til at det blir søkt om økonomiske tilskot og bidrag

Styret skal tilrå ovanfor årsmøtet i desse sakene:

- Rekneskap

- Budsjett
- Handlingsplan
- Årsmelding

§ 6. Dagleg leiar

Dagleg leiar er tilsett i Fyresdal kommune.

Dagleg leiar skal:

- ha det daglege ansvaret for å drive Frivilligsentralen, i samsvar med gjeldande forskrift og vedtekter
- utvikle nye tilbod
- søke ekstern finansiering
- samarbeide med frivillige organisasjonar og enkeltpersonar
- delta på nettverkssamlingar
- vere sekretær for styret
- fylgje opp styrevedtak

§ 7. Økonomi

- Fyresdal Frivilligsentral finansierast av Fyresdal kommune, delvis gjennom tilskot frå Lotteristiftelsen
- Rekneskap førast som eige ansvar i Fyresdal kommune.
- Sentralen eller dei frivillige som er knytt til sentralen kan ikkje ta imot betaling utover godtgjering for direkte utgifter

§ 8. Vedtektsending

Vedtektene kan berre endrast på årsmøte etter å ha vore sett på innkallinga til møtet og det må vedtakast med 2/3 fleirtal.

§ 9. Oppløysing

Eventuell oppløysing skal handsamast på ordinært årsmøtet. Eit slik vedtak skal fattast med 2/3 fleirtal.

